

Onsdag 9. mai, 2018

Tilstandsrapport for grunnskolen 2017

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kryss av for kven som har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten.

Medverknad i utarbeidninga av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)		
Organisasjonane		
Skolar		
Administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen		
Politikarar i kommunen/ fylkeskommunen		

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilstkott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjera vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knyttte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data

som er tilgjengelege i Skoleporten, innhold ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdighetsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhold

1.	Samandrag	4
2.	Hovudområde og indikatorar	6
2.1.	Elevar og undervisningspersonale	6
2.1.1.	Talet på elevar og lærarårsværk.....	6
2.1.2.	Lærartettleik.....	7
2.2.	Læringsmiljø	9
2.2.1.	Elevundersøkinga	9
2.2.2.	Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)	12
2.2.3.	Læringsmiljø – tiltak på skulenivå.....	13
2.3.	Resultat	15
2.3.1.	Resultat/tiltak for å skape kvalitet i undervisninga.....	15
2.3.2.	Nasjonale prøver 5. steget.....	19
2.3.3.	Nasjonale prøver ungdomssteg	22
2.3.4.	Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	28
2.3.5.	Grunnskolepoeng	30
2.4.	Gjennomføring.....	32
2.4.1.	Overgang frå grunnskole til VGO	33
2.5.	Spesialundervisning.....	34
3.	System for oppfølging (internkontroll).....	35
4.	Konklusjon	36

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Talet på elevar og lærarårsverk

Lærartettleik

Det er ikkje store skildnader på lærartettleiken i Vestnes samalikna med fylket og nasjonen elles. I berekningsgrunnlaget knytt til lærartettleik er timar til spesialundervisning, som er tildelt på grunnlag individuelle elevrettar, rekna med. Det betyr at mange opplever større grupper enn det som kjem fram i statistikken, som det blir vist til i rapporten.

Læringsmiljø

Det kjem fram av elevundersøkinga at elevane i Vestnes trivst på skulen. Resultata både for elevane på 7. og 10. årssteg viser dette. 7. årssteg svarar tilnærma i tråd med landet elles på alle områda av elevundersøkinga. På temaet «mobbet av andre elever på skolen» svarar elevane på nivå med elevar elles i landet.

Elevane på 10. årssteg svarar særstaktivt på elevundersøkinga. På fleire delområda har Vestnes høgare skåre enn kva som er tilfelle for resten av landet. Særleg utmerkar svara seg knytt til temaene «støtte frå lærerne» og «mobbet av andre elever på skolen». Det viktig at elevane opplever skolemiljøet som trygt og inkluderande. Dette er ein føresetnad for at elevane skal ha motivasjon og utvikle seg fagleg.

Resultat på nasjonale prøver – karakterer i basisfag – grunnskulepoeng

På dei nasjonale prøvene for 5. årssteg skårar elevane i lesing i tråd med dei lokale målsetjingane, men noko under det nasjonale snittet. 64,3 % av elevane skåra på meistringsnivå 2 og 3 mot 76,4 % nasjonalt. I rekning har 5. årssteg eit resultat langt over dei lokale målsetjingane. Resultatet er også over det nasjonale snittet. 79,3 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Det nasjonale gjennomsnittet er 77,2%. I engelsk er også resultata gode. Dei er heilt i tråd med dei lokale målsetjingane og like under det nasjonale resultatet.

For elevane på 8. årssteg så skårar dei like over det nasjonale snittet i lesing. 74 % av elevane skårar på meistringsnivå 3, 4 og 5, mot 73,3% nasjonalt. På dei nasjonale prøvene i rekning skårar elevane i Vestnes eit stykke under det nasjonale snittet. 56,6 % av elevane skåra på dei 3 øvste meistringsnivåa. Nasjonalt er gjennomsnittet 69,9%. Det er viktig å merke seg at Vestnes har om lag same andel elevar på det lågaste meistringsnivået. Det er framleis for få elevar som skårar på dei 2 øvste nivåa. I engelsk er resultatet betre og nærmere dei lokale målsetjingane. 66,3 % av elevane skårar på dei tre øvste nivåa, mot 72,6% i landet elles.

Avgangselevane i Vestnes har i fleire år har hatt låge grunnskulepoeng når dei avsluttar grunnskulen. Våren 2017 var det ein god framgang, då elevane i snitt hadde 40,4 grunnskulepoeng. Dette er nær 3 poeng høgare enn snittet våren 2016, då elevane hadde i gjennomsnitt 37,5 grunnskulepoeng når dei avslutta grunnskulen.

Gjennomføring

Nesten utan unntak byrjar alle elevane frå Vestnes i vidaregåande opplæring hausten etter at dei avsluttar grunnskulen. 98,7 % av elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2017 hadde direkte overgang til vidaregåande opplæring same haust.

Dei siste åra har elevane frå Vestnes hatt eit stabil gjennomføring i vidaregåande opplæring, om lag på det nasjonale snittet. 2011-kullet har ein tilbakegong i forhold til 2010-kullet. 68,8 % av elevane frå 2011-kullet gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5-år. For 2010-kullet var resultatet 72,1. Nasjonalt var gjennomsnittet for 2011-kullet 73%.

Spesialundervisning

Vi ser igjen ei auke i talet på elevar som mottek spesialundervisning. Etter å ha vore heilt nede på landsgjennomsnittet skuleåret 2015/2016, er andelen elevar som mottek spesialundervisning no om lag 10 %. Det blir no arbeidd i sektoren for å redusere bruken av spesialundervisning og få fokusset over på tilpassa undervisning. Dette er noko som vil kome heile elevgruppa til gode. Det er viktig at skulane ser dei moglegheitene som ligg i nye digitale ressursar. Det er mange nye verkty som kan vere til god hjelp for å tilpasse undervisninga til den einskilde elev.

System for oppfølging av skulane

Det er i Vestnes ein plan for kvalitetsvurdering av grunnskulane. Det er eit viktig arbeid å sikre kvaliteten i undervisninga. Det er også utarbeidd eit system for skulebasert vurdering, der dette arbeidet er regulert av lov og forskrift. Det blir årleg gjennomført skulebesøk ved den enkelte grunnskule. I desse møta deltek administrasjonssjefen og kommunalsjef for oppvekst. I møta blir det sett fokus på den enkelte skule sine resultat og satsingsområde.

Målet med skulebesøket:

- Sikre at skulen oppfyller krava i forskrift til Opplæringslova § 2-1, skulebasert vurdering.
- Kvalitetsutvikling i tråd med kommunen og skulen sin utviklingsplan
- Plan for vidareutvikling i tråd med skulen sine kompetansebehov

Kommunen utarbeider ei årsmelding for alle sektorane. Denne meldinga kjem i tillegg til tilstandsrapporten og beskriv viktige utfordringar og utviklingstrekk for sektoren.

2. Hovudområde og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timer på barnesteget og 656 timer på ungdomsseget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Talet på årsverk må heile tida tilpassast utviklinga i elevtalet. Det er først når ein kan redusere talet på grupper/klassar at det er mogleg å gjere vesentlege reduksjonar i årsverk, som vil ha tyding for drifta.

Vestnes kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Talet på elevar	721	726	723	709	689
Årsverk for undervisningspersonale	70,6	69,9	72,7	72,0	69,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	95,6	97,2	94,7	91,4	88,5

Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vurdering:

Talet på elevar i dei kommunale skulane har gradvis gått nedover dei siste åra. Etter nokre år med eit relativt stabilt elevtal, grunna tilflytting av innvandrarar/minoritetsspråklege, ser vi no igjen ein nedgang i elevtalet. Nedgangen frå førre skuleår er på 2,8 %. Talet på årsverk har gått ned frå 72 til 69,3, frå førre skuleår. Det vil vere variasjonar i talet på årsverk frå skuleår til skuleår, då talet på klassar/grupper er avgjerande for ressursbruken. Talet på lærarar utan godkjent utdanning aukar. Det er ein situasjon som er særslig ønskjeleg. Lærarar med god kompetanse er ein viktig føresetnad for kvalitet og utvikling i sektoren. Skulane opplever at det er krevjande å rekruttere lærarar til kommunen. Det er ein sterk konkurranse på kompetent arbeidskraft, både frå omliggande kommunar og fylkeskommunen.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervising


Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

Gruppestorleiken må tilpassast den enkelte elevgruppa og må vere pedagogisk forsvarleg. Klassane/basisgruppene må gje den enkelte elev ein trygg sosial arena.

Gj.snittleg gruppestorleik	Lande u/Oslo	MR-fylke	Vestnes	Rauma	Haram	Molde	Fræna
1.-10. årssteg	13,2	12,6	12,3	13,2	11,2	14,1	12,9
1.-4- årssteg	12,6	11,9	11,2	12,3	10,7	14,1	11,9
5.-7. årssteg	13,0	12,1	12,0	12,5	10,5	13,8	13,4
8-10. årssteg	14,3	13,9	13,8	14,7	12,4	14,5	13,7

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vurdering

Det ikkje store skilnader i gruppestorleiken i Vestnes målt mot omliggande kommunar og nasjonen elles. For Vestnes sin del aukar gruppestorleiken noko lengre opp i årsstega. Dette kan variere frå år til år, grunna storleiken på årskulla.

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleveling av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleveling av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleveling av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobba på skolen av andre elevar:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobba på skolen av andre elevar er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba av andre elevar på skolen, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba av andre elevar på skolen. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar på skolen 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbet av andre elevar på skolen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.

Lokale mål

Det er ei målsetjing at elevane i Vestnes svarar/skårar på same nivå som landet elles, på dei ulike områda av elevundersøkinga.


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2017-2018, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2017-2018, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Elevane på 7. årssteg skårar heilt i tråd med fylket og nasjonen på dei ulike temaene i elevundersøkinga. På temaet «Mobbet av andre elevar» svarar elevane heilt på line med elevar elles i Noreg. Det er viktig, då eit trygt og godt skulemiljø er ein viktig faktor for eit godt læringsmiljø.

I elevundersøkinga skårar elevane på 10. årssteg i Vestnes, anten likt eller betre enn snittet for nasjonen. Både på temaet «Støtte fra lærerne» og «Læringskultur» skårar elevane i Vestnes betre enn det nasjonale snittet. Det er særskilt gledeleg at elevane på 10. årssteg i Vestnes, har eit betre resultat enn både fylket og nasjonen knytt til temaet mobbing.


2.2.2. Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 ganger i månaden eller oftare av andre elevar. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen av andre elevar er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3 gonger i måneden eller oftare seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål


Det er nulltoleranse for mobbing i skulane i Vestnes. Det er nedfelte rutinar for kva som skal skje når mobbing blir avdekt. Desse rutinane er skissert i «Overordna system for oppfylling av krava i opplæringslova kap. 9a» Dette er eit dokument som er utarbeidd av Kunnskapsnett Romsdal, som er eit regionalt samarbeid mellom kommunane i Romsdalsregionen.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftare (prosent), Offentlig, 2017-2018, Trinn 7, Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2017-2018, Trinn 10, Begge kjønn

Vurdering

Vi kan lese ut av resultata knytt til temaet mobbing, at skulane legg ned eit godt arbeid for å skape eit trygt og godt skolemiljø. Det er ein viktig føresetnad for lærung at elevane opplever eit trygt og inkluderande skolemiljø. Dette er det høg fokus på og resultata i dei nasjonale undersøkingane viser at elevane anten svarar på nivå med dei nasjonale resultata eller betre.

2.2.3. Læringsmiljø – tiltak på skulenivå

Tomrefjord skule

- Aktivitsdagar med fokus på aldersblanding og sosial kompetanse ved starten av kvart skuleår. Målet er ein god skulestart som skal gjere elevane trygge på kvarandre og førebygge mobbing.
- Partnarskap mot mobbing blir markert gjennom aktivitsdagar der elevane jobbar praktisk med tema mobbing og vennskap. Elevane jobbar i aldersblanda grupper for å fremje omsorg og ansvar for kvarandre.
- Ein sosial kompetanseplan med klart definerte mål for sosial kompetanse på kvart enkelt klassesteg blir sluttført skuleåret 2017/2018. Planen skal også innehalde ein oppdatert handlingsplan for mobbing og eit årshjul for aktivitetar knytt til sosial kompetanse (førjulsaktivitetar, fjellturar etc).
- Det blir skrive aktivitsplan etter opplæringslova §9A viss elevar ikkje opplever å ha eit trygt miljø på skulen.
- Resultat frå elevundersøkinga blir presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevråd, aktuelle klassesteg og rådsorgana.
- Kvar haust blir det gjennomført ei ikkje-anonym spørjeundersøking (Spekter) som mellom anna skal avdekke mobbing og sjå om det er elevar som fell utanfor. Med bakgrunn i undersøkinga blir det sett inn tiltak på individ og/eller gruppenivå.
- Tilsyn i friminutta. Ekstra tilsyn rundt sårbare elevar ved behov.
- 1.-10. klasse har friminutt saman.
- Skulen har ordensreglar og trivselsreglar. Klasseregular er utarbeidd på kvart årssteg.
- Skulen er med i Leikepatruljen (frå januar 2018). Dette er eit program der elevar skaper positiv aktivitet for andre elevar i friminutta.
- Skulen brukar programmet «Det er mitt val» på s-steg og m-steg som skal trenre elevane i sosial kompetanse.

- Nytt frå skuleåret 2017/2018 er ressurs til sosiallærar på ungdomsseget og etablering av ressursteam (eitt medlem frå kvart storteam, inspektør, rektor og representantar frå PPT). I ressursteam blir tiltak rundt enkeltelevar og grupper drøfta.

Helland skule

- Trivselsundersøkinga blir gjennomført på alle steg, haust. Tid avsett i plenumsmøte kvar haust til presentasjon av funn frå hovudstega, og informasjon om status/tiltak.
- Resultat presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevar på dei aktuelle stega samt i SMU – kvar haust.
- Sosiallærarar og aktive kontaktlærarar med fokus på førebygging.
- Skulen utarbeidar aktivitetsplan for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø jf. Kap 9.a elevane sitt skolemiljø
- Skulen har ordensreglar og trivselsreglar. Klasseregular er utarbeidd på kvart årsteg, gjennomgått med elevane og hengt opp på klasserommet.
- Aktivitetsdagar på tvers av klassane som t.d. felles måltid, turneringar, joggedag, partnerskap mot mobbing m.m. Kvart 3.år har skulen framsyning på 1.-4.klasse og 5.-7.klasse. I tillegg har 10.klasse musikkprosjekt kvart år.
- Fadderordning.
- Leikepatruljen (erstattar trivselsleiarordninga)

Fiksdal oppvekstsenter

- Skulen er med i programmet til Leikepatruljen (trivselsleiarprogrammet). Elevar er trivselsleiarar i matfriminutta.
- Resultat frå elevundersøkinga blir presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevråd, aktuelle klassesteg og rådsorgana.
- Kvar haust blir det gjennomført ei ikkje-anonym spørjeundersøking som mellom anna skal avdekke mobbing.
- Skulen har utarbeidd handlingsplan mot mobbing, ordensreglar og trivselsreglar. Desse vert teke opp i elevråd og FAU før godkjenning i SU
- Vår 2017: Ved mobbing vert det fatta enkeltvedtak etter opplæringslova § 9a. ---Rettleiing og direkte hjelp frå PPT, helsestasjon og barnevern. Haust 2017: Ved mobbing blir det sett i gong ein aktivitetsplan, der det kjem fram kva som er blitt kartlagt, kva for tiltak som er blitt gjort og kva for tiltak skulen tenkjer å gjennomføre for å få stoppa mobbinga. Tett dialog med PPT rundt eventuelle enkeltsaker. Skulen har meldt seg på satsinga «Innsatsteam mot mobbing», med mål om å auke kompetansen om mobbing. Kursrekka blir sett i gong våren 2018.
- Dei eldste elevane lagar til aktivitetsdagar for dei yngre.
- Felles førjulsaktivitetar, fjellturar og skidagar på tvers av klassetrinna
- FAU har fredagslunsj kvar fredag.
- Partnerskap mot mobbing vert markert ved ulike aktivitetar
- God vaksentettleik ute i friminutt. Dei vaksne skal vere godt synlege.
- 1.-7.klasse har friminutt saman.
- Elevane i 5.-7.klasse er saman i fag som fysisk aktivitet, musikk, kunst & handverk og kroppsøving. Dette er ei ordning som og blir vurdert for 1.-4.klasse.

Tresfjord oppvekstsenter

- Eiga trivselsundersøking for 1.-4.klasse.
- Elevundersøkinga vert gjennomført i 5.-7.klasse.
- Resultat frå undersøkingane vert presentert og drøfta i lærargruppa og i rådsorgana.
- Miljø er tema på alle elevrådsmøte og samrådingsmøte for lærarar.
- Skulen har Handlingsplan mot mobbing.
- Skulen har ordensreglar og trivselsreglar. Klasseregular er utarbeidde på kvart årsteg.
- Partnerskap mot mobbing vert markert ved ulike aktivitetar der tema er venskap og mobbing, som t.d. klassevise aktivitetar og aktivitet i aldersblanda grupper.

- God vaksentettleik ute i friminutt. Dei vaksne skal vere godt synlege.
- Fadderordning for førsteklassingar dei første vekene på hausten.
- 1.-7.klasse har friminutt saman, og har matfriminutt saman i felles kantine.
- Elevar er leikeleiarar i matfriminutt.
- Vi har aktivitetsdagar med aldersblanda grupper, før jul og før sommarferien.
- Vi har felles aktivitetar med barnhagen: elevgrupper besøker barnehagen og grupper frå barnehagen besøker skulen.
- Vi har felles «delestund» for 1.-7.klasse om lag ein gong kvar månad. Elevar (individuelt eller i grupper) og vaksne, som har lyst, kan til dømes vise fram og fortelje om seg sjølv, om noko dei har opplevd, om noko dei har laga eller dei kan danse eller syngje.
- «Tresfjordmeister» - aldersblanda grupper «konkurrerer» i ulike aktivitetar gjennom heile året. Aktivitetane utfordrar både kropp og hovud. På slutten av året har vi kåring av vinnargruppe med ei felles belønning som alle gruppene får ta del i.
- FAU arrangerer ein elevkveld/aktiviteteskveld ein gong kvart halvår.
- Elevane i 1.-4.klasse er saman på uteskule, musikk, kunst og handverk og kroppsøving.
- Elevane i 5.-7.klasse er saman i fag som t.d. fysisk aktivitet, musikk, kunst og handverk og kroppsøving.
- Skulen utarbeidar tiltaksplan/aktivitetsplan, dersom det kjem varsel om mobbing.

2.3. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheter. Dette er ferdigheter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Resultat/tiltak for å skape kvalitet i undervisninga

Tomrefjord skule

Norsk

- Resultat for 5. og 9. årssteg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- I 2017 skåra 8. årssteg godt på nasjonale prøver i lesing.

Tiltak som skulen har sett inn for å auke læringsutbyttet i fag er:

- Elevane i 1. klasse tok hausten 2017 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget. Mellom anna nyttar dei det norskutvikla lesespelet Poio som del av leseopplæringa.
- Skulen har tatt i bruk IntoWords, som gir alle elevar mulegheit for digital lese- og skrivestøtte.
- Resultat på klassenivå blir drøfta på klasseteam, som planlegg nødvendige tilpassingar i undervisninga både på klasse- og individnivå.
- Det er etablert ressursteam på skulen. Det inneber mellom anna at ein av lærarane i teamet fungerer som støtte opp mot dei andre lærarane i lesing/norsk. PPT er fast med i teamet som rådgjevarar.
- Elevamtalar der fagleg utvikling og undervegsverdning er tema.
- STL (skrive seg til lesing). Undervisningsmetoden er implementert på småskulesteget. Undervisningsmetoden blir og nytt til elevar med lav målkompesantse på høgare klassesteg.
- SOL (systematisk observasjon i lesing) er eit viktig kartleggingsverktøy i arbeidet med vurdering undervegs på 1.-10. årssteg. Ved bekymring blir det sett i verk tiltak.
- Leselystaksjonar
- Resultat frå nasjonal prøve blir brukt aktivt for å betre tilpassinga av opplæringa.
- Skulen vil jobbe vidare med auka fokus på lesing i alle fag
- Systematisk arbeid med tidleg innsats og tilpassa opplæring
- Skulen tok i 2017 i bruk dataprogrammet Tempolex som eit hjelphemiddel for elevar med utfordringar i lesing. Programmet gir mulegheit for intensiv lesetrening på skulen og heime.
- Samarbeid med foreldre for å auke leselyst og ha fokus på mengdetrening heime.

- Elles må det nemnast at det er ei stor utfordring å få utdanna faglærarar på alle trinn i norskfaget.

Matematikk

- Resultat for 5. årssteg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- 8. årssteg har skåra under nasjonalt nivå på nasjonal prøve i rekning i 2017.

Tiltak som skulen har sett inn for å betre læringsresultat i matematikk:

- Nytt læreverk tatt i bruk i 9. klasse frå hausten 2017.
- To lærarar sluttførte si vidareutdanning i matematikk i 2017.
- Elevane i 1. klasse tok hausten 2017 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget.
- Skulen har jobba med satsingsområdet rekning i alle fag. Målet med det er at vi som skule skal tenkje rekning meir tverrfagleg og praktisk.
- Frå hausten 2017 tok skulen i bruk MultiSmartøving på mellomsteget. Elevane jobbar digitalt med Multi, noko som inneber at oppgåvene blir automatisk tilpassa kvar enkelt elev sitt nivå. Vi opplever at motivasjonen for faget har auka. 1. klasse testar også ut Multi på lærebrett. I tillegg blir Multi brukt opp mot enkeltelevar som treng særleg tilpassing.
- Det er etablert ressursteam på skulen. Det inneber mellom anna at ein av lærarane i teamet fungerer som støtte opp mot dei andre lærarane i rekning. PPT er fast med i teamet som rådgjevarar.
- Systematisk arbeid med tidleg innsats og tilpassa opplæring
- Resultat og utfordringar blir presenterte og drøfta i personalet
- Auka bruk av digitale ressursar opp mot dei elevane som har størst utfordringar i faget
- Skulen tok i bruk dataprogrammet Tempolex i 2017 som eit hjelpemiddel for elevar med utfordringar i rekning.

Engelsk

- Resultat for 5. årssteg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- Elevane på 8. årssteg har skåra under nasjonalt nivå på nasjonal prøve i engelsk i 2017. Det er likevel klar framgang samanlikna med resultata frå fjaråret.

Tiltak skulen har sett i verk:

- Fornya læreverk i småskulen
- Elevane i 1. klasse tok hausten 2017 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget.
- Skulen har tatt i bruk IntoWords, som gir alle elevar mulegheit for digital lese- og skrivestøtte.
- Faglærar i engelsk på heile mellomsteget.
- Systematisk arbeid med tidleg innsats og tilpassa opplæring
- Resultat og utfordringar blir presenterte og drøfta i personalet
- Auka fokus på bruk av digitale ressursar som kan hjelpe til å betre tilpasse undervisninga til den enkelte elev

Helland skule

Norsk

- Resultat for 5. årssteg og 9. årssteg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- 8.klasse skåra på nasjonalt nivå på nasjonale prøver i lesing i 2017.
- Skulen har auka lærartettleik på småskulesteget noko som og er ei nasjonal satsing frå skuleåret 2016-2017.
- STL(Skrive seg til lesing), undervisningsmetode som skulen har på 1.-3. årssteg. 1.-3. klasse har dette timeplanfesta frå skuleåret 2015-2016.
- SOL (Systematisk observasjon i lesing) er eit viktig kartleggingsverktøy i arbeidet vurdering underveis på 1.-10. årssteg.
- Lær deg å lære, der elevane lærer å tilegne seg ulike studieteknikkar i faget norsk.
- Status viser at det i nær framtid vil bli eit auka behov for fleire lærarar med norsk kompetanse på alle

10 årsstega. Viktig å prioritere ved tilbod om vidareutdanning.

Matematikk

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentligheita.
- 8. årssteg skora under nasjonalt nivå i 2017 på nasjonale prøver i rekning.
- Fornya læreverk 5.-10.årssteg.
- Kurs/innkjøp konkretisering – Numicom.
- Vi har god tilgang på faglærarar i matematikk på alle 10 årsstega.
- Geogebra, kurs for faglærarar i matematikk mellom- og ungdomssteget er gjennomført.
- Arbeid i faggrupper.
- 8.-10.klasse brukar læringsplattforma Campus Inkrement (omvendt undervisning).

Engelsk

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentligheita.
- 8.årssteg har skora under nasjonalt nivå i 2017 på nasjonale prøve i engelsk.
lesing.Lærar kan få hente ut meir detaljar i resultatet om eleven sine utfordringar og styrke. Dette er til stor hjelp i det vidare arbeidet med tilpassa opplæring.
- Fornya læreverk 1.-5. steg (Quest) i 2015.
- Fokus på bruk av faglærarar på barnesteget.
- Status viser at det i nær framtid vil bli eit auka behov for fleire faglærarar, spesielt på ungdomsskulen.

Felles for faga – oppfølging av resultat

- Oppstart teamsamtalar vår 2015
- Arbeid i faggrupper, erfaringsdeling og drøfting
- Lærarar melder funn/behov til skuleleiinga fortløpende (skoring under kritisk grense)
- Årshjul okt./nov. teamarbeid resultat NP og samla informasjon i Vokal; kartlegge – undersøkje – tiltak
- I årshjul: Etterarbeid SOL i team januar og juni
- Elevsamtalet og 2 utviklingssamtalar pr skuleår
- Opplæring av lærarar i programmet Textpilot. Dette er viktige hjelpemiddel for elevar med spesifikke språkvanskar som t.d. Dysleksi.
- Tempolex skuleåret 2017/2018, eit system for innøving og automatisering av basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk, samt språklydar.
- Fokus på tidleg innsats.

Fiksdal oppvekstsenter

Norsk:

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- Skrive seg til lesing blir nytta på 1. og 2.steg.
- Faste leselekser på dei fleste trinn.
- Vi brukar Hanne Solem sine bøker i leseforståing som åra før.
- Nyttar og repetert lesing på fleire trinn.
- Leseaksjonar der vi bruker «Leselyst» og «Grip boka»
- Innføring av Tempolex, og fleire elevar har fått prøvd dette. Vi vil ha meir fokus på bruk av digitale ressursar framover.
- SOL (Systematisk observasjon i lesing) blir brukt som kartleggingsverktøy i arbeidet.
- Bytte av norskverk er diskutert.

Rekning

Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.

- Vi nyttar verket Multi. Men har dei to siste åra brote av og hatt bolkar med fokus på dei fire rekneartane. Noko av matteundervisinga skal synast igjennom uteskule.
- Nyttar nettressursane.

Engelsk

Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.

- Vi nyttar oss av verket Stairs, det innførte vi 2014/15. Det er både lærarar, elevar og føresette glade for.
- Nyttar nettressursane.

Felles for faga – oppfølging av resultat.

- Alle resultat ligg på Vokal/Conexus engage.
- Først og fremst brukar kontaktlærar resultata i vurderingssamtalane. Her går ein og gjennom andre testar/prøver som ligg på Vokal/Conexus engage. Viktig her er samarbeidet for å kome vidare.
- Resultata samla vert lagt fram i rådsorgana.
- Alle resultat, faglege og elevundersøkinga vert lagt fram i plenum, for felles refleksjon.
- Skulen har fokus på tidleg innsats, reflekterer over korleis ressursane kan kome flest mogleg til nytte. Skulen vil prøve ut stasjonsarbeid, for å kunne tilpasse undervisinga i større grad i små elevgrupper.
- Skulen ønskjer å prøve ut bruken av læringsbrett, for variasjon og repetisjon i basisfaga. Det kan vere aktuelt å bytte ut deler av læreverk til fordel for nyare, digitale program.

Tresfjord oppvekstsenter

Norsk

- Vi nyttar no læreverket Zeppelin i 1.-4.klasse. (Tenkjer framleis på å fornye læreverket (God i ord) som er brukt i 5.-7.klasse.)
- Vi nyttar kartleggingsverktøyet SOL (systematisk observasjon av lesing).
- STL (skrive seg til lesing) vert nytta i begynnarpoplæringa i 1.klasse og litt i 2.klasse.
- Elevane arbeider med leseforståingsoppgåver.
- Dataprogrammet Tempolex vert nytta til lesetrening for nokre elevar.
- Vi vil og late fleire elevar nytte lese- og skrivestøtta som CD-ord og IntoWords kan gje.
- Vi vil ha auka fokus på lesing i alle fag.
- Vi arbeider for å fremje lesegled og leselyst.

Rekning/Matematikk

- Vi er ganske godt nøgde med læreverket vi nyttar, Grunntal.
- Lærarane nyttar også konkretiseringsmateriell og spel i undervisninga.
- Vi har hatt auka fokus på rekning i alle fag.
- Det vert i noko grad nytta digitale ressursar i arbeidet med matematikk.
- Vi vil ta i bruk Tempolex med nokre elevar.
- Skulen har godt kvalifiserte faglærarar i matematikk

Engelsk

- Vi nyttar læreverket Stairs (2006) og vurderer framleis å fornye eller erstatte dette.
- Skulen har godt kvalifiserte faglærarar i engelsk.
- Diverse digitale ressursar vert nytta i arbeid med faget.
- Vi har høve til å ta i bruk Tempolex også i dette faget.

Felles for faga:

- Einskildelevar sine resultat gir store utslag i små elevgrupper.
- Resultat vert drøfta på lærarmøte i lag med einingsleiar.
- Resultat vert registrerte i VOKAL.
- Resultat vert presentert for dei føresette.
- Resultat vert tatt opp i elevsamtaalar og utviklingssamtalen (2 gongar i året).
- Tidleg innsats og tilpassa opplæring er eit satsingsområde, og vi vurderer korleis ressursane kan kome flest mogleg til gode
- Lærarar melder funn/behov til skuleleiinga fortløpande.
- Det hadde vore ønskjeleg med jamnare støtte frå PPT.
- Framover vil vi ha meir fokus på å trenre på lesing og rekning i alle fag.
- Vi vil også ha meir fokus på bruk av digitale ressursar, som t.d. bruk av Tempolex i arbeid med basisfaga.

- Vi har årshjul med oversikt over kartleggingsarbeid og etterarbeid etter kartlegging.

2.3.2. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdighetene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdighetene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løye ei gitt utfordring
- kan løye problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdighetene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvane (på 5. steget) er knytte til desse ferdighetene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreiinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål: 5. årssteg

Lesing: Det er anbefalt nasjonalt at 75 % av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Grunna lågare resultat over tid har vi valt at målet skal settast til 65%. Det er eit mål å på sikt kome opp nasjonalt nivå.

Rekning: Nasjonalt mål er at 75% av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Kortsiktig mål er å oppnå 60 % av elevane på 5. årssteg skal nå desse nivåa. På lang sikt er målet at Vestnes skårar på anbefalt nasjonalt nivå.


Engelsk: Målet er at fleire skal opp på nivå 2 og 3. Målet er det same som det nasjonale målet, som er at 75% av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform




Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing




Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2017–2018, Trinn 5, Begge kjønn

Vurdering

Lesing: Elevane på 5. årssteg skårar svakare enn det nasjonale snittet i lesing. 64,3% av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3, mot 76,4 % nasjonalt.

Rekning: Elevane skårar over det nasjonale snittet i rekning. Heile 79,3 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Nasjonalt er gjennomsnittet 77,2%.

Engelsk: 75 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Det nasjonale snittet er 77 %. Elevane i Vestnes er med andre ord om lag på nivå med nasjonen elles.

2.3.3. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdighetene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke

3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdighetene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løye ei gitt utfordring
- kan løye problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdighetene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Opgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdighetene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjoner
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreiinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

Lesing: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.

Rekning: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.


Engelsk: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform




Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing




Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2017-2018, Trinn 8,
Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2017-2018, Trinn 8,
Begge kjønn

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2017-2018, Trinn 8,
Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering nasjonale prøver – 8. årssteg:

Lesing: På 8. årssteg skårar 74% av elevane på meistringsnivå 3, 4 og 5 i lesing. Det er litt over det nasjonale snittet på 73,3%. Målt mot fylket og nasjonale tal er det færre elevar i Vestnes som skårar på det det lågaste meistringsnivået.

Rekning: I rekning skårar elevane svakare enn nasjonen elles. 56,6 % av elevane skårar på meistringsnivå 3,4 og 5. Det er lågare enn resultatet skuleåret 2016/2017, då snittet var 61,6%. Det nasjonale snittet var 69,9%. Ser ein på det lågaste meistringsnivået det om lag same prosent for Vestnes som skårar på dette nivået som i nasjonen elles.

Engelsk: I engelsk er det 66,3 % av elevane som skårar på dei tre øvste meistringsnivå, mot nasjonalt der gjennomsnittet er 72,6%.

2.3.4. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktakaracterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Mål for standpunktakaracterane:

Norsk hovedmål skriftleg: 4


Norsk sidemål skriftleg: 4

Engelsk skriftleg: 3,9

Matematikk skriftleg: 3,5

	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Engelsk skriftleg	4,1	3,9	3,9
Engelsk munnleg	4,3	4,2	4,2
Matematikk skriftleg	3,4	3,6	3,6
Norsk hovedmål skriftleg	3,4	3,8	3,8
Norsk sidemål skriftleg	3,6	3,7	3,7
Norsk munnleg skriftleg	3,7	4,2	4,2

Standpunktakrakterar skuleåret 2016/2017




Vurdering

Vestnes har litt høgare snitt i engelsk skriftleg og munnleg i forhold til gjennomsnittet i fylket og nasjonalt. Dette er kun marginale skilnader. I matematikk ligg vi eit par tidelar lågare en resultatet i fylket og nasjonalt. I norsk hovedmål og norsk munnleg ligg resultatet litt lågare enn i fylket og nasjonalt. For norsk sidemål er resultatet om lag på nivå med resultatet både i fylket og på nasjonalt nivå.

Eksamenskarakterar skuleåret 2016/2017

	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Engelsk skriftleg	3,5	3,7	3,8
Engelsk munnleg	4,2	4,5	4,5
Matematikk munnleg	4,6	4,1	4,1
Naturfag munnleg	4,3	4,2	4,3
Norsk munnleg	4,7	4,5	4,5
Samfunnsfag munnleg	3,9	4,4	4,4



Vurdering

Elevane frå Vestnes var oppe til engelsk eksamen våren 2017. Elevane er litt under det nasjonale nivået. Elevane ligg to tidelar under det det fylkeskommunale gjennomsnittet i engelsk. Til munnleg eksamen fekk elevane frå Vestnes eit betre resultat enn snittet for landet i faga naturfag, matematikk og norsk. I engelsk og samfunnsfag skåra elevane svakare enn snittet i fylket og nasjonalt.

2.3.5. Grunnskolepoeng


Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven.

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Det er ei målsetjing å kome opp på eit snitt på 40,0 grunnskulepoeng



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Vestnes	38,3	39,3	38,9	37,6	37,5	40,4
MR-fylke	40,3	40,1	40,4	40,7	41,0	41,3
Nasjonalt	40,0	40,0	40,3	40,7	41,1	41,4

Vurdering


Avgangselevane våren 2017 har høyeste grunnskulepoeng på mange år. 2017-kullet har nesten 3 poeng høyare snitt enn elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2016. Det er gledeleg at resultatet er i betring, då det er ein nær samanheng mellom grunnskulepoeng og gjennomføringa i vidaregåande skule.

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO.

Gjennomføring i vidaregåande skule etter 5 år (I%)

Vestnes kommune - 2011-kullet



Vurdering

2011-kullet har den svakast gjennomføringa i vidaregåande opplæring på mange år. Dette kullet hadde eit svakt karaktersnitt når dei gjekk ut av grunnskulen. Vi veit frå nasjonal statistikk at det er ein sterk samanheng mellom grunnskulepoeng og gjennomføringa i vidaregåande skule. 68,8 % av 2011-kullet gjennomførte vidaregåande opplæring i løpet av 5 år. Samanliknar vi med 2010-kullet hadde dei ei gjennomføring på 72,1% etter 5 år. Nasjonalt gjennomførte 73 % prosent av 2011-kullet vidaregåande opplæring på 5 år.

I følgje oppfølgingstenesta er det per mai 2018 registrert 41 personar frå Vestnes hos dei. Detter er personar i alderen 16-21, som enno ikkje har fullført eit treårig løp i vidaregåande opplæring. Det har tradisjonelt vore ei god kontakt mellom OT-kontakta i Rauma og Vestnes og det lokale NAV-kontoret. Mange av ungdomane er i aktivitet gjennom arbeid, NAV-tiltak og anna utdanning. Til dømes er 8 i ordinært arbeid og 10 i tiltak gjennom NAV.

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregående opplæring hausten etter uteksamining frå grunnskolen.

Lokale mål

Det er ei målsetjing om at så mange som mogleg startar i vidaregåande opplæring.


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2012	2013	2014	2015	2016
Elever (16 år) som er registrert i vidaregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole					
Vestnes kommune skoleeier	100,0	95,4	100,0	98,6	98,7
Kommunegruppe 11	98,1	98,1	98,3	98,7	98,6
Møre og Romsdal fylke	*	*	*	*	*
Nasjonalt	97,8	97,9	98,0	98,1	98,1
Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn					

Vurdering:

Dei aller fleste av elevane i Vestnes byrjar i vidaregåande opplæring hausten etter at dei sluttar i grunnskulen. 98,7 % av elevane har direkte overgang til vidaregåande opplæring, noko som er heilt på nivå med kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Snittet ligg noko over det nasjonale gjennomsnittet.

2.5. Spesialundervisning



Vurdering

Andelen av elevane som har spesialundervisning har auka igjen. Det er i følgje Kostra 10,1% av elevane som har spesialundervisning skuleåret 2017/2018. I følgje GSI-statistikken er det 9,87 % av elevane i dei kommunale skulane som har vedtak om spesialundervisning. Det må arbeidast med å få ned bruken av spesialundervisning og få fokuset over på tilpassa undervisning.

3. System for oppfølging (internkontroll)

3.1 Plan for kvalitetsvurdering i grunnskulen

§ 13-10 i Opplæringslova set krav til skuleeigar om å utarbeide eit system for kvalitetsvurdering av verksemda. Det skal vurderast om skuletilbodet er organisert slik at ein når målsetjingane i læreplanverket for kunnskapsløftet (LK06). Dette systemet blei utarbeidd i 2009 og ligg under skulebasert vurdering på PedIT.

3.2 Plan for kvalitetsutviklinga i grunnskuleopplæringa I Vestnes kommune

Plan for kvalitetsutviklinga av grunnskuleopplæringa for 2015-2018, blei vedtatt av Kommunestyret 26.03.15. Plana skal rullerast i løpet av 2018.

3.3 System for skulebasert vurdering

Det er i kommunen utvikla ein plan for skulebasert vurdering.

3.4 Skulebesøk

Administrasjonssjefen og kommunalsjef oppvekst besøkjer årleg dei kommunale grunnskulane. Dei har møte med skuleleiinga og plangruppa, og samtalet tek utgangspunkt i sentrale område i «Plan for skulebasert vurdering og kvalitetsarbeid». Fokuset er på skulen sin utviklingsplan, der ein vurderer status og satsingsområde vidare.

I skulebesøka i 2018 har det vore fokus på resultatoppfølging, der resultata frå dei nasjonale prøvene og elevundersøkinga har vore viktige kjelder. I besøka har administrasjonen fått presentert resultat frå skulebaserte undersøkingar, som er viktige for å kartleggje skolemiljøet ved den einskilde skule. Skulane har hatt høve til å melde inn saker til administrasjonen i forkant av skulebesøka. Delar av skulebesøket blir då ein dialog kring saker som skulane ønskjer å ta opp med administrasjonssjefen og kommunalsjef oppvekst.

3.5 Skuleleiarmøte

Det er skuleleiarmøte kvar månad. I desse møta er informasjon mellom leiarnivåa viktig. Skuleleiarane kan ta opp med administrasjonen viktige saker for skulane. Kommunenivået har ei viktig oppgåve i å formidle føringar frå sentrale myndigheter. Det er også ein viktig arena for utviklingsarbeid.

3.6 Årsmelding

Vestnes kommune lagar kvart år ei årsmelding for alle sektorane. Grunnskulen har sin del av denne meldinga, der utviklingstrekk og utfordringar i sektoren blir presenterte. Årsmeldinga blir utarbeidd i samarbeid med skuleleiarane. I årsmeldinga for 2017 ville administrasjonssjefen ha tilbakemelding frå einingsleiarane på tiltak dei sette inn for å halde budsjettet.

4. Konklusjon

Skuleeigar skal årleg utarbeide ein rapport som viser resultat og utviklingstrekk for sektoren. Dette arbeidet er heimla i opplæringslova og rapporten skal brukast for å utvikle kvaliteten i sektoren.

Det er eit system for kvalitetsarbeid i sektoren, der skulane skal følgje opp resultata sine og bruke desse for å utvikle kvaliteten på undervisninga. I skulebesøka har gjennomgang av resultata og tiltaka eit viktig fokus.

Utviklingsarbeid og målsetjingar må utarbeidast og arbeidast med over tid. Dei langsiktige måla blir nedfelt i «Plan for kvalitetsutvikling i grunnskuleopplæring».

Det finnast i dag gode kartleggingsverkty som skulane nyttar. Ved å bruke desse vil skulane få nytig informasjon om den einskilde elev. Vestnes kommune har no kjøpt inn eit nytt felles digitalt kartleggingsverkty, «Kartleggaren.no». Dette systemet kan nyttast av alle dei kommunale skulane i tillegg til vaksenopplæringa. Når dette verktyet er innarbeidd vil det erstatte gamle papirbaserte kartleggingsprøver. Kartleggaren.no har i tillegg utarbeidde kartleggingsmateriell i engelsk, noko vi tidlegare ikkje hadde materiell for. Det gjer at vi no har eit godt kartleggingsverkty for alle dei tre basisfaga. Informasjonen som kjem fram gjennom god og systematisk kartlegging, er viktig informasjon for å gjere gode tilpassingar til den einskilde elev. I dette arbeidet er også dei nasjonale prøvene viktige og kan vere til god hjelp for å sjå område den einskilde elev må arbeide meir med innanfor lesing, rekning og engelsk.

Hovudfokuset/utfordringar for grunnskulane i Vestnes framover

Rekruttering

Skulane i Vestnes har dei siste åra hatt vanskar med å få tak i nok kvalifiserte lærarar til ledige stillingar. Dei nasjonale statistikkane viser at vi på få år, har fått ein langt større del av dei tilsette som ikkje har godkjent utdanning. Skuleåret 2012/2013 hadde tilnærma 100 % av undervisningspersonalet godkjent utdanning. For skuleåret 2017/2018 har berre 88,5 % av undervisningspersonalet det. Dette har vore eit utvikling som har gjort seg gjeldande dei siste 5-6 åra.

For skuleåret 2018/2019 er det mange ledige undervisningsstillingar i Vestnes. Noko skuldast at det er fleire som går av med pensjon, men også fordi skulane no må lyse ut dei stillingane som det inneverande skuleår har vore ukvalifiserte som har fungert i. I rekrutteringa til skuleåret 2018/2019 har vi brukt både dei tradisjonelle kanalane og sosiale media. I tillegg har vi sendt utlysingane våre til fleire lærarutdanninger, for at dei skal bli gjort kjende for studentane. Vi må i åra som kjem arbeide endå meir aktivt og strategisk med rekrutteringa til sektoren. Kanskje kan eit tiltak vere å delta på utdanningsmesser og treffen studentane personleg. Då må vi marknadsføre kommunen og kva den har å by på, i tillegg til å marknadsføre skulane i Vestnes. Sektoren trur at ein ny og moderne ungdomsskule vil vere til hjelp i rekrutteringsarbeidet knytt til ungdomsseget.

Vidareutdanning

I 2025 trer dei nye kompetansekrava i engelsk, norsk og matematikk i kraft. Etter 2025 skal alle lærarar, som skal undervise i desse faga i barnesteget, ha minimum 30 studiepoeng. Lærarar som skal undervise i ungdomsseget i desse faga må ha 60 studiepoeng. Skuleåret 2018/2019 er det 5 lærarar i Vestnes som tek vidareutdanning i norsk og engelsk. Det er

inngått eit samarbeid i regionen med NTNU, som har oppretta regionale utdanningstilbod i Romsdal. Dette gjer at det blir langt rimelegare for kommunane å sende lærarane på vidareutdanning. Kommunen har søkt Utdanningsdirektoratet og får refundert frikjøpet som lærarane får innvilga for å gjennomføre utdanninga. Skulane og kommunen må fram mot 2025 leggje til rette for at lærarar får tatt den vidareutdanninga dei treng.

Digitalisering

Digitalisering er eit viktig tema for skulesektoren, slik som i dei fleste andre delar av samfunnet. Det har vore ei rivande utvikling på dette feltet, dei siste åra. Det har lenge vore pc-ar i skulen, men vi ser no at bruken er i endring. I tillegg har læringsbrett blitt eit viktig hjelpemiddel. Frå at digitale hjelpemiddel berre har vore brukt til skriving og søk etter informasjon, ser vi at gjennom appar og ny programvare så skjer læringa digitalt. Gode læringsressursar og materiell blir no digitalisert. Den tradisjonelle læreboka blir ikkje lenger eine og åleine det avgjerande læremiddelet i skulen. Vi ser at digitaliseringa gir gode moglegheiter for å tilpasse og skape variasjon for den einskilde eleven.

Sektoren har gjort seg gode erfaringar med bruk av læringsbrett (Ipad) i undervisninga. Hovudfokuset har vore på 1. årssteg. Vi ønskjer derfor for neste skuleår og utvide satsinga til å gjelde alle elevar på 1.-4. årssteg. Sektoren vil nytte lø瑶de midlar over investeringsbudsjettet til å prøve ut dette. Det blir arbeidd med ein lokal digitaliseringstrategi for skulesektoren, som vil grunngje og skissere den lokale satsinga. Dette er prosessar som skjer i dei aller fleste kommunar.

Spesialundervisning

Skulane i Vestnes må arbeide målretta for å få ned bruken av spesialundervisning. Då er det viktig å ha eit fokus på tilpassa undervisning. Det er i denne prosessen viktig å bruke mogleheitene nye digitale ressursar gir for å utvikle god tilpassa undervisning.